



# Eit nyskapande Hordaland

Fylkesvalprogram for  
Hordaland Venstre  
2015-2019





## Venstres idégrunnlag

*Venstre er eit grønt, liberalt og sosialt parti. Venstre vil at den einskilde tek ansvar for seg sjølv, for andre, for miljøet og for kommande*

*generasjonar. Venstre vil ha eit samfunn som bygger på demokrati, rettsstaten, ein regulert marknadsøkonomi og eit aktivt sivilt samfunn.*

## Fylkeskommunen - meir makt til borgarane

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet ved å tilby vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vegsamband og tilrettelegging for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur er andre viktige oppgåver.

Hordaland fylkeskommune tek seg av oppgåver som er for store til at kommunane kan klare dei aleine, eller saker som går på tvers av kommunane. Fylkeskommunen har i kommande periode mellom anna store utfordringar innan næringsutvikling, prioritering og gjennomføring av veg- og jernbaneutbygging, betre kollektivtilbod, tiltak for betre klima og miljø og tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande skule.

## Éin Vestlandsregion

### Venstre vil:

- ✓ Arbeide for endring i fordeling av skatteinntekter, slik at ein større del går til det regionale og kommunale nivået, der staten får ein tilsvarande reduksjon
- ✓ Gje den nye regionen heilska-pleg politisk, fagleg og finansielt ansvar for oppgåver som i dag ligg til statleg nivå
- ✓ Bidra til at ei nasjonal regionreform vert gjennomført på Vestlandet, der Hordaland blir del av

ein større Vestlandsregion

Venstre meiner at fylkeskommunane skal erstattast av eit nytt folkevald regionalt nivå med færre, større og sterkare regionar. Sterke regionar må ha politisk makt og økonomiske ressursar. Regionane skal vere eit sjølvstendig og fullverdig forvaltningsnivå, slik kommunane er det på lokalt nivå. Kva konkrete oppgåver ein ny region skal ha, må sjåast i samanheng med ny kommunestruktur, og all mynde og forvaltningsoppgåver må vere gjenstand for diskusjon. Makt må kunne flyttast frå staten til regionane; makt frå dagens fylker må kunne flyttast til kommunenivå.

Ein framtidig Vestlandsregion må ha omfang og storleik som er funksjonell i forhold til dei oppgåvene som skal løysast, og slik at innbyggjarane kan identifisere seg med og ha eigarskap til regionen.

Ein viktig føresetnad for meir lokalt sjølvstyre er god finansiering. Venstre vil arbeide for at ein større del av dei samla skatteinntektene går til det regionale nivået og kommunane. Ei særskilt målsetting med regionreforma må vere å knyte Stavangerregionen og Bergensregionen tettare saman.

## Forenkling og fornying

### Venstre vil:

- ✓ Ta initiativ til eit fornyingsprosjekt som har som mål å redusere og forenkle byråkratiske kontrollsystem

- ✓ Vidareføre arbeidet med å ta i bruk og vidareutvikle digitale løysingar innanfor opplæringssektoren og i kollektivtilbodet

Offentleg sektor treng kontinuerleg fornying for å gje tidsriktige tenestetilbod. Tida som går med til administrasjon og byråkrati må avgrensast, slik at direkte aktivitet som kjem innbyggjarane til gode får størst mogleg plass. Samstundes må ein sikre at dei som ikkje nyttar digital kommunikasjon får informasjon og tenester på ein enkel måte.

Papirbaserte løysingar skal veljast aktivt.

## **Internasjonalt samarbeid**

Hordaland Venstre vil at fylket skal vidareføre europeisk og internasjonalt samarbeid og nettverksdeltaking, når dette styrker dei fylkeskommunale ansvarsområda.

Både innan samferdsel, opplæring, kultur og helse kan europeiske samarbeidsprogram gje oss nyttige verkty for å løyse utfordringar på ein betre måte enn om vi skulle handle åleine.

Høve til utveksling innan opplæring, særskilt innan område der Hordaland er unik, må utvidast og styrkast. Prosjekt- og EØS-midlar må utnyttast strategisk og Hordaland Venstre vil jobbe for dette i fylket sin internasjonale strategi. Det skjer mykje innovasjon og utvikling i Europa, til dømes innan samferdselssektoren, som kan vere svært viktig for fylket og Vestlandet å vere orientert om og involvert i. Nettverkssamarbeid på slike områder vert viktig.

Eit godt samarbeid mellom fylkeskommunen og Vest-Norges Brüsselkontor er viktig.

# Transport og kommunikasjon

God infrastruktur er viktig for miljøet og for næringslivet. Eit godt kollektivtilbod er ein føresetnad for berekraftig vekst, særleg i Bergensregionen, medan trygge vegar og stabile ferjesamband er viktig for distrikta. Venstre vil planlegge alle nye større samferdsleprosjekt i ein større samanheng for regionane. Vidare utbygging av digital infrastruktur er viktig.

## Meir buss og bane

### Venstre vil:

- ✓ Ha ein tydeleg strategi for drosjepolitikken
- ✓ Arbeide for eit felles billett-system på all kollektivtrafikk i fylket
- ✓ Har som mål å fjerne aldersgrensa på Studentskyss, samt inkludere nattakst i Ungdomsskyss.
- ✓ Vurdere å gje ansvaret for kollektivtrafikken til Bergen kommune i samband med kommune- og regionreforma
- ✓ Ruste opp Bergensbanen, slik at reisetida Bergen-Oslo blir konkurransedyktig med fly
- ✓ Etablere fleire kollektiv- og sambruksfelt, og gje bussen prioritet i lyskruss
- ✓ Gje fylkeskommunen ansvaret for drifta av Vossabanen og integreere den i kollektivoppleg-

get i Hordaland

- ✓ Legge til rette for ungdom, og vurdere ungdomskort for ungdomsskuleelevar
- ✓ Legge betre til rette for spontan samkjøring
- ✓ At all offentleg transport skal vere universelt utforma
- ✓ Legge større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria
- ✓ Bygge meir innfartsparkering ved kollektivknutepunkt i Hordaland, og legge opp til ladepunkter for el-bil og ladbare hybridbiler, samt trygg sykkelparkering ved desse
- ✓ Utvide trolleybusstilbodet og satse på e-bussar
- ✓ Redusere talet på takstsonar for buss i heile Hordaland
- ✓ Redusere biltrafikken i Bergen med 10 % innan 2020
- ✓ Bygge ut Bybanen til alle bydelane i Bergen
- ✓ Ha som mål å utvide "trygt heim-ordninga"

Veksten i talet på reisande i Bergensregionen, og dei folkerike tettstadene må løysast med kollektivtransport.

Bybanen må vidareutviklast som hjørnesteinen i kollektivsystemet i Bergen. Det er viktig å sikre ei samanhengande utbygging av Bybanen til alle bydelane, og til dei folkerike områda kring Bergen.

I den nære framtida er det likevel bussen som held fram som arbeidshesten i kollektivtransporten,

særleg utanfor Bergen. Venstre vil redusere talet på takstsoner, slik at busstilbodet vert enklare å nytte. Det er også viktig at det blir enklast mogleg å nytte kollektivtransport. Derfor vil vi forenkle billettsystemet, mellom anna ved å gje folk høve til å velje mellom månadskort med eller utan natt-buss inkludert.

Trolleybuss, og moglege batteri/hybrid-versjonar er eit godt, utsleppsfritt supplement til ein bybane, og må bli hovudkonseptet for såkalla "E-buss". E-bussar må utgjere grunnstamma i kollektivnettet der dette vert etablert. Hordaland Venstre er opne for nye og innovative teknologiske løysingar, men vil først og fremst utvikle og gjere dagens løysingar best mogleg. Kontraktar må inngåast for såpass lange periodar at det vert lettare å planlegge for operatørane som får oppdraga.

Venstre vil at all kollektivtransport, både bane, buss, båt og ferjer, skal vere universelt utforma.

Det er viktig å etablere gode kollektivvaner i tidleg alder, Venstre ynskjer difor å legge til rette for ungdom og vurdere ungdomskort også for ungdomsskuleelevar.

For å sikre god framkomst for bussane, vil Venstre ha fleire kollektiv- og sambruksfelt.

Venstre ynskjer at reisande skal ha færrest mogleg overgangar og at rutetrafikk må ha gode ordningar med korrespondanse. Det må òg

gjelde for gjennomgangstrafikk som ikkje blir styrt av fylkeskommunen. Fylkeskommunen må gå i dialog med aktuelle selskap om å få til eit meir heilskapleg tilbod.

Venstre er for at kollektivtransporten framleis blir sett ut på anbod, men miljø og kvalitet må bli viktigare i anbodskriteria.

For at det skal bli enklare å bytte frå bil til buss, båt eller bane, vil Venstre ha fleire innfartsparkeringss plassar både i Bergen og i sentrale regionar. Det må òg bli enklare å nytte seg av tilbod som spontan samkøyring.

Å redusere biltrafikken i Bergensområdet er viktig, både for å få ned lokal forureining og utslepp av farlege klimagassar, og for å få bort køane. Vårt mål er å få ned biltrafikken med 10 % innan 2020.

Venstre vil vere ein pådrivar for opprusting av Bergensbanen. Reisetida Bergen - Oslo må bli konkurransedyktig med fly. Ei fornying og opprusting av jernbanen mellom Voss og Bergen må prioriterast.

Ved endring i takstsonar i Hordaland, bør lokaltoget mellom Voss og Bergen verte ein del av kollektivtilbodet i fylket. Det er ein føresetnad at staten gjennom eigarskapet i NSB støtter opp om dette. Strekinga Arna - Bergen sentrum må prioriterast først. Det er naudsynt at framtidig planlegging av infrastruktur gir meir samsvar mellom arealplanlegging og kollektivsatsing.

Fram til kommunereforma er gjen-  
nomført skal ansvaret for kolle-  
ktivtransporten framleis ligge  
hjá fylkeskommunen. Dersom ein  
gjennomgang av forvaltning-  
snivåa sine oppgåver i samband  
med reforma syner at ansvaret for  
kollektivtrafikken i større grad bør  
leggast til kommunane, til dømes  
dei store bykommunane, er det vik-  
tig med eit godt samarbeid mellom  
kommunane. Det er viktig med eit  
godt samarbeid mellom kommu-  
nane om utviklinga av kollektivtil-  
bodet gjennom Skyss. Hordaland  
Venstre ynskjer ei utgreiing om  
Skyss bør organiserast meir likt  
med Ruter – som Oslo kommune  
og Akershus fylke eig i fellesskap.

## Trygge og gode vegar

### Venstre vil:

- ✓ Prioritere ferjefri, trafiksikker og effektiv kyststamveg
- ✓ Bygge ut gang- og sykkelvegar i Hordaland
- ✓ Lage ein plan for veglys langs fylkeskommunale skulevegar
- ✓ Arbeide for rassikring, tryggleik og auka standard på fylkesve-  
gane
- ✓ Sikre gode vegsamband aus-  
tover for å trygge kommunikas-  
jon og unngå vinterstenging
- ✓ Prioritere god tilkomst til re-  
gionsentra, avlastingsvegar og  
vegprosjekt som er svært vik-  
tige for næringslivet
- ✓ Sikre tunneler langs fylkeskom-  
munale skulevegar med lys
- ✓ At alle nye vegtrasear i tett-  
bygde strok skal ha gang- og

sykkelfelt

- ✓ Jobbe for at Ringveg Aust med  
innslag sør for Fjøsanger kjem  
på plass i NTP og vert realisert
- ✓ Sikre kortare reisetid til Bergen  
og andre regionsentra

Ferjefri kyststamveg er prioritet  
nummer ein når det kjem til veg-  
bygging i Hordaland. Ein effektiv  
kyststamveg er det viktigaste og  
mest omfattande næringspolitiske  
verkemiddelet for kommunane  
langs kysten. Venstre vil prioritere  
reisetid og samfunnsnytte i val av  
trasear på strekninga

På andre vegstrekningar vil Venstre  
arbeide for rassikring, tryggleik-  
stiltak og auka standard. Det er  
naudsynt å arbeide for gode sam-  
band mellom aust og vest som kan  
sikre god kommunikasjon og unngå  
vinterstenging så langt råd er. Ved  
val av trasear på ulike streknin-  
gar vil Venstre prioritere reisetid,  
samfunnsnytte, Co2-utslepp og  
tilrettelegging for jernbane.

Fylkesvegane i Hordaland må bli  
sikrere, og det må leggst betre til  
rette for syklistar og fotgjengarar,  
mellom anna med betre lystilhøve.  
Venstre vil ha ein plan for lys langs  
skulevegar på dei fylkeskommunale  
vegane. Vi vil og bygge ut gang- og  
sykkelvegnettet i fylket.

## Ringvegar

Venstre vil ha fortgang i arbeidet  
med å flytte E39 ut av Bergens-  
dalen, og på den måten fjerne  
gjennomgangstrafikk i allereie  
pressa område. Vi ynskjer at ein

ny Ringveg Aust frå Arna må få innslag sør for Fjøsangerområdet, saman med ei ferdigstilling av Ringveg Vest byggetrinn 3.

I samferdslepolitikken er det òg viktig å sikre god tilkomst til regionsentra i fylket. Kortare reisetid til sentra som Straume, Leirvik, Husnes, Knarvik, Odda, Norheim-sund og Voss – vere seg med bil, båt, buss eller tog – er ei prioritert oppgåve.

Vidare ynskjer Venstre fastland-ssamband melom Sund og Ytre-bygda, og på sikt eit tverrsamband mellom Øygarden og Nordhordland.

## Båt- og ferjetransport

### Venstre vil:

- ✓ Ha meir elektrifisering av ferjemateriell der det er mogleg
- ✓ Legge større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria for både hurtigbåt og ferjer
- ✓ Flytte godshamna frå Bergen sentrum
- ✓ Ha mål om nullutslepp frå hurtigbåtar og ferjer

Venstre vil ha gode ferjesamband i Hordaland. Eit effektivt ferjetilbod der det er naudsynt, er både god næringspolitikk og god miljøpolitikk. Vi vil halde fram arbeidet med å redusere utsleppa frå sjøtransporten, og vil auke støtta til pilotprosjekt som til dømes elektrifisering av ferjemateriell. I krava til driftsselskapa må det leggest større vekt på auka krav til reduksjon av utslepp.

Eit effektivt transportsystem på sjø vil redusere biltrafikken. Hurtigbåtane skal fungere som vanlege bussar, spesielt for arbeidsreiser, kor ein nyttar same billett/kort og med korresponderande bussar på land. Venstre vil difor arbeide for fleire avgangar og vurdere fleire ruter.

Venstre har som overordna mål at meir gods må over på bane og sjø. Ei av dei største utfordringar innan transport i åra framover er å sikre ei ny og effektiv hamn i Bergensområdet. Venstre meiner derfor at det er naudsynt å etablere ei ny godshamn som sikrar at hamna kan flyttast ut av Bergen sentrum





# Miljø og klima

## Ein grøn kurs og eit moderne Hordaland

Klimatiltak er ei billig forsikring for å redusere skader som følgje av global oppvarming i framtida. Venstre sitt mål er å gjere Norge til ein leiande nasjon på fornybar energi, climateknologi og ny teknologi som reduserer Co2-utslepp i olje- og gassproduksjonen Venstre vil utnytte dei interessante perspektiva som ligg i grøn innovasjon og fornying, og bygge framtida på nye og konkurransedyktige næringar.

## Klimautfordringane

### Venstre vil:

- ✓ Arbeide for å redusere utslepp av miljøgifter og førekomst av miljøgifter i sjø, samt være svært restriktive til nye utsleppsløyve
- ✓ Auka satsing på utbygging og utvikling av fornybar energi
- ✓ Vidareføre ordninga med miljøfyrtårnsertifisering
- ✓ Prioritere biodrivstoff frå avfall og anna, framfor biodrivstoff laga av mat
- ✓ Revidere fylkesdelplan for vindkraft
- ✓ Elektrifisere bilparken
- ✓ Gjennomføre ein overgang frå fossilt brensel til fornybar energi

- ✓ Bygge minst eitt av dei nye fylkeskommunale bygga som eit plusshus

Venstre ynskjer at alle kommunane i Hordaland skal bli klimanøytrale og at alle kommunale og fylkeskommunale innkjøp skal vere miljømerka. Slik sikrar me ikkje berre at Hordaland reduserer klimagassutsleppa i høve til våre forpliktingar, men me sikrar òg at fylket tek steget over i ein konkurransedyktig, framtidsretta grøn økonomi.

Dei tre store kjeldene til klimagassutslepp er transportsektoren, industrien, og bygningar. I Hordaland står bygningar åleine for halvparten av energiforbruket. Venstre vil ved hjelp av tiltaka frå klimaplanen redusere energiforbruket med 20 % fram mot 2020. Det viktigaste arbeidet her må gjerast i kommunane.

Nye bilar eigde av fylkeskommunen bør nytte elektrisitet eller biogass som drivstoff. Det må også leggjast godt til rette for at privatpersonar kan nytte elbil, også i distrikta. For å sikre god produksjon av meir fornybar energi vil Venstre ta initiativ til å revidere fylkesdelplanen for vindkraft. Planen må og sjå på moglegheiter for omlegging til off-shore vindkraft.

Hordaland er det største vasskraftfylket i Noreg. Meir bruk av fornybar energi og miljøvenlege løysingar krev auka utbygging av infrastrukturen for kraft. For å legge til rette for fornybar energi vil

Venstre ha ein strategi for å ta vare på forsyningstryggleiken. Ein slik plan må òg inkludere utfordringane for produsentar av fornybar energi og sektoren sine kunnskapsbehov. Venstre ser at det kan oppstå motsetnad mellom klassisk naturvern og kampen mot klimaendringane.

Me ynskjer nye, framtidsretta retningslinjer for infrastrukturen for kraft i Noreg. Dei må ta omsyn både til lokalsamfunna sine ynskjer og storsamfunnet sine behov. Høgspenliner i luftspenn der det kjem i konflikt med naturvernomsyn eller næringsinteresser er ikkje gode løysingar. For å auke delen av fornybar energi som kan nyttast i eit moderne straumnett, vil Venstre stimulere til etablering av småkraftverk der dette ikkje kjem i konflikt med naturvernomsyn.

## Naturvern

### Venstre vil:

- ✓ Styre utbygginga av kraftverk i samsvar med vedtekne planar og legge vekt på landskapsvern, friluftsliv og biologisk mangfald
- ✓ Kartlegge livsvilkåra til dei store rovdyra i fylket.
- ✓ Ha ei bærekraftig oppdrettsnæring
- ✓ Unngå høgspenliner i luftspenn der det kjem i konflikt med særleg viktige naturvernomsyn
- ✓ Prioritere vasskraftutbygging med magasin og utbygging der det er naturinngrep frå før
- ✓ Halde fram ordningar som sikrar nasjonale laksefjordar og laksevassdrag

Venstre vil ta vare på det biologiske mangfaldet. Naturen sitt eige verd må ikkje undervurderast. Venstre ynskjer å jobbe for å få på plass ein plan for rovdyrforvaltninga i fylket.

Hordaland Venstre meiner det er viktig å ivareta det klassiske naturvernet. Der er difor eit mål å ta vare på og verne naturområde og sikre verdifull natur i Hordaland.

## Næring og kultur

### Eit nyskapande Hordaland

Vår tid er prega av teknologiske endringar som skjer hurtigare enn nokon gong tidlegare. Difor er eit nyskapande, omstillingsvillig næringsliv ein føresetnad for å sikre arbeidsplassar og velferd i framtida. Det offentlege si rolle er å legge til rette for utvikling av eksisterande bedrifter og stimulere til at nye bedrifter vert skapt. For å lukkast meislar det offentlege saman med næringslivet ut overordna strategiar for næringsutvikling. Hordaland fylkeskommune har her ei viktig rolle som regional drivkraft, og støttespelar for kommunane.

### Næringsutvikling

#### Venstre vil:

- ✓ Styrke satsing på Ungt Entreprenørskap i vidaregåande skule

- ✓ Følgje opp nystarta verksemdar med internasjonalt vekstpotensial
- ✓ Styrke samspelet mellom FoU-institusjonar og næringslivet, for endå betre å imøtekomme behova til næringslivet
- ✓ Legge til rette for innovasjon i etablerte næringar som allereie har gode føresetnader for vekst og utvikling
- ✓ Bidra til klyngeutvikling og utvikling av nye, innovative næringsmiljø med vekstpotensial
- ✓ Prioritere næringsretta verkemiddel til regionale sentre
- ✓ Dimensjonere utdanningstilbodet i den vidaregåande skulen meir i samsvar med næringslivet sine behov
- ✓ Stille krav om lærlingar i anbudsprosessar
- ✓ Halde fram satsinga på inkubatorar og næringshagar
- ✓ Vidareføre arbeidet med lokalmat og Hordaland som matkultur region
- ✓ Bidra til å legge til rette for utbygging av fiber i Hordaland
- ✓ Legge til rette for utvikling av ny lukka teknologi innan fiskeoppdrett gjennom å prioritere konsesjonar til oppdrett i lukka einingar på land eller i sjø

Venstre vil at Hordaland skal bli leiande på næringsutvikling i Noreg, og vil føre ein politikk som fremjar nyskaping og gründerskap. Her er Ungt Entreprenørskap i skulen særleg viktig. Ein vesentleg del



av elevar med utdanning i entreprenørskap startar eiga verksemd.

Ein god næringspolitikk er avhengig av ein god politikk for kunnskapsutvikling, forskning og nyetablering. For å få dette til må fylkeskommunen ha eit godt samarbeid med høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar i fylket. Reiselivssektoren har lange tradisjonar i Hordaland, og står for ein viktig del av verdiskapinga. Venstre vil stø opp om NCE-satsinga, vidareutviklinga av destinasjonsselskap, og arbeide for betre kompetanse i sektoren.

Venstre vil og støtte opp om arbeidet med å gjere Hordaland til eit internasjonalt kraftsenter for marin kompetanse.

Venstre meiner oppdrettsnæringa må bli meir berekraftig og samsundes oppretthalde sin posisjon som ein viktig og konkurransedyktig del av næringslivet i Hordaland. Det må stillast strengare krav til reduksjon av lakselus og rømming av fisk, og satsast meir på forskning og utvikling i oppdrettsnæringa. Slik sikrar ein både levekåra for villaksen og sjøauren, og oppdrettsnæringa.

## Landbruk

### Venstre vil:

- ✓ Ta i bruk meir av grovfôrressursane i inn- og utmark

Hordaland Venstre ser det som viktig å sikre ein trygg og stabil matproduksjon i

Hordaland.

Venstre ynskjer ein meir urban matproduksjon, og at dette blir ein del av mat – og landbruksstrategien til fylket. Areal i tettbygde strøk kan i mykje større grad nyttast til matproduksjon og må takast høgde for ved nytutvikling og utbygging. Det offentlege si hovudoppgåve vil vere stønadsordningar og haldningsskapande arbeid. Lokal produksjon av mat er positivt for både det fysiske og sosiale miljø. Parsellhagar, plenar, rivingstomtar og tak er døme på område som kan nyttast til lokale areal for dyrking.

Landbruket i Hordaland må ta sin del av ansvaret for ei berekraftig utvikling. Venstre ynskjer å oppmuntre i aukande grad til økologisk jordbruk, og til utsleppsreduksjon i jordbrukssektoren. Landbruket utgjer ein viktig del av løysinga på klima- og energisida, og det er bruk for ei teknologiutvikling som fremjar rein energi og binding av klimagassar. Landbruk er svært viktig for busetnad, matforsyning, kulturlandskap, og er ei viktig næring i mange kommunar i Hordaland.

Gardsstrukturen på Vestlandet er slik at det er naudsynt med nytanking og nye idear for at landbruket skal overleve som ei dynamisk næring.

Hordaland Venstre vil verne om matjorda og ynskjer ei streng praktisering av jordvernet. Hordaland Venstre vil jobbe for at det blir

enklare å produsere og omsette lokalprodusert mat.

Venstre vil legge til rette for meir nisjeproduksjon og ein breiare og meir variert landbrukssektor som legg større vekt på kultur, kulturlandskap, turisme og opplevingar knytte til god mat og drikke.

Venstre bør ha som mål at Noreg skal ha eit sterkt fokus på dyrevelferd. Det bør stillast krav til menneske som har dyr i si varetekt, om at dei har kunnskap om dyra sine åtferdsbehov og krav til ernæring, sosialt og fysisk miljø. Dyr skal haldast i miljø som gir god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal vere ein føresetnad for alle typar avl. Dyr har ein eigenverdi, og handtering av dyr skal skje med omsorg og respekt for dyra sin eigenart.

## Kultur

Kultur har eigenverdi og stor opplevingsverdi for det einskilde mennesket, og er svært viktig for samfunnsidentitet og historiemedit. Dette må takast omsyn til ved planlegging av bumiljø og vern av naturmiljø. Eit blomstrandekulturliv gir dessutan positiv effekt for næringslivet, og kulturbasert næringsliv er eit viktig satsingsområde i Hordaland.

### Venstre vil:

- ✓ Styrke satsinga på produksjons- og formidlingsmiljø for film på Vestlandet
- ✓ Legge til rette for verdiskaping knytt til kulturminner
- ✓ Vidareføre arbeidet med lokale

kulturminneplanar i samarbeid med kommunane

- ✓ Utvikle attraksjonar knytt til viktige kulturhistoriske landskap i Hordaland
- ✓ Arbeide for å styrke fokuset på arkitektur i by- og tettstadutvikling
- ✓ Utvikle samarbeid mellom kulturlivet, FoU og Media City Bergen
- ✓ Auke andelen nynorskproduksjonar i Den kulturelle skulesekken, og den kulturelle spaserstokken
- ✓ Styrke Hordaland Teater som nynorskarena og kunstinstusjon
- ✓ Styrke satsinga på frivillige kulturaktørar
- ✓ Styrke musea andsynes drift og investering, og arbeide for etablering av museum Nordhordland
- ✓ Etablere verdsarvsenter på Bryggen
- ✓ Vidareføre satsinga på Hardingfelesenter i Hardanger
- ✓ Vidareutvikle biblioteka som møtestader for menneske med ulik kulturell- og sosial bakgrunn
- ✓ Arbeide for å styrke satsinga på kystkultur og fartøyvern

Venstre byggjer kulturpolitikken på toleranse og mangfald, og tek utgangspunkt i den eigenverdi kulturen har for den einskilde og samfunnet. Samstundes legg kultur og grunnlaget for mykje nærings- og distriktsutvikling i Hordaland.

Venstre vil arbeide for ei langsiktig kultursatsing i samarbeid med kommunane og kunst- og kulturinstitusjonane. Hordaland er eit kulturelt tyngdepunkt i nasjonal og internasjonal samanheng, mykje på grunn av Bergen by. For Venstre er det viktig at fylkeskommunen tek aktivt del i vidareutviklinga av kulturbyen Bergen. Vidare må fylkeskommunen prioritera utvikling av attraksjonar, festivalar og kulturbasert næringsutvikling i heile fylket. Dessutan er kulturminnevern og formidling av kulturminner svært viktig.

Kulturformidling til born og unge er eit satsingsområde for Venstre, og den kulturelle skulesekken er ei viktig verkemiddel. Slik formidling av kulturopplevingar i samarbeid med lokale og regionale kunst- og kulturoperatørar bør utviklast vidare. Musea er viktige for å ta vare på og formidle fortida og må difor styrkast.

For å sikre uavhengige og godt finansierte kulturinstitusjonar også i framtida, må fylkeskommunen legge betre til rette for at institusjonane kan utvikle andre finansieringskjelder, som til dømes private bidrag.

## **Idrett og friluftsliv**

### **Venstre vil:**

- ✓ Tilrettelegge minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar kommune
- ✓ Sikre og støtte tilrettelegging av friluftsområde i nærleiken av

bustadområda i tettstadar og byar

- ✓ Satse på prosjekt for merking og gradering av turløyper
- ✓ Støtte anlegg som oppmodar til auka aktivitet hjå barn og unge
- ✓ Tilrettelegge for meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skulen
- ✓ Vidareføre det gode samarbeidet med fylket sine to friluftsråd
- ✓ Vidareføre ordninga med partnerskap for folkehelse

Hordalandsnaturen gjev gode høve til friluftsliv og naturopplevingar. Friluftsliv er ei god kjelde til trivsel og folkehelse. Venstre meiner det er viktig å sikre at alle, inkludert menneske med funksjonshemmingar,

lettare kan komme seg ut i naturen. Me vil støtte idretten mellom anna ved å satse på gode anlegg.

Det er ein utfordring vri satsinga frå å reparere/behandle til å førebygge og styrke helsefremjande tiltak. I mange tilfelle er det tale om «friske folk» som det vert sett inn tiltak mot. Fysisk aktivitet har ein positiv effekt på folkehelsa, anten det er gjennom idrettsaktivitet eller som aktivitet i friluftslivet.

Lågterskeltilbod gjev god effekt for dei som har ei utfordring med å halde seg fysisk aktive. Det er særskild viktig å støtte opp om tilbod med liten eller ingen terskel for deltaking.



# Skule og opplæring

## Fokus på elevane sine ynskje, evner og behov

Kjernen i den liberale ideologien er fridom til personleg utvikling. Kjelda til den positive fridomen finn ein i utdanninga – det er gjennom skulen at samfunnet gjer dei kommande generasjonane i stand til å ta ansvar for sine eigne liv, for sine medmenneske og for verda ikring dei. Venstre vil ha ein skule der den einskilde eleven får oppfylt sine ynskje, utvikle sine evner og dekke sine behov.

## Vidaregåande skule

### Venstre vil:

- ✓ Redusere fråfallet i skulen
- ✓ Gje lærarane meir tid til undervisning gjennom reduserte krav til rapportering og med å fjerne kravet om anonyme prøver
- ✓ Auke satsinga på internasjon- alisering for elevar i den vidaregåande skulen
- ✓ Arbeide for at fleire friskular deltek i opptakssystemet VIGO
- ✓ Utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule
- ✓ Oppretthalde Manger folkehøg- skule som eit senter for korps- musikk
- ✓ Ha nært samarbeid med næringslivet for å legge til rette for liner tilpassa næringslivet



sine behov

- ✓ Gje høve til eksamen om sommaren, og for dei som ikkje tek sommarskule
- ✓ Vurdere elev- og lærlingombod i samband med evaluering av eksisterande tiltak som er sett i verk for redusert fråfall og auka gjennomføring i vidaregåande skule
- ✓ Fagskulane må vidareutviklast, i nært samarbeid med vidaregåande- og høgskular

Politikarane si rolle er å setje skulane og lærarane i stand til å gjere jobben sin på ein best mogleg måte. Me legg difor til grunn at størst mogleg fridom innanfor eit heilskapleg rammeverk gjennom lovverk og læreplanar er løysinga på utfordringane den vidaregåande skulen står overfor.

Venstre vil gjennomføre dette i praksis ved å auke handlefridomen i skulen. Ordninga med fritt skuleval for elevane må halde fram. Slik sikrar me både valfridom for den einskilde, og ei god geografisk spreiding av skular i fylket. Friskular er eit tilbod for dei få, så lenge det ikkje er mange nok av dei å velje mellom, og Venstre er positiv til at det vert etablert friskular i Hordaland.

Om skular ynskjer prøveprosjekt med toppklassar, må dei få høve til det. Alle læremiddel skal ligge føre på nynorsk og bokmål til same tid.

## Fråfall i vidaregåande skule

### Venstre vil:

- ✓ Styrke rådgjevarane sin kompetanse og rolle overfor elevar som treng rådgiving om val av studieretning.
- ✓ Betre opplysning om alternative vegar til fagbrev
- ✓ Prøve ut ordning for elevar med særskilde utfordringar som har mista retten til vidaregåande opplæring.
- ✓ Ha ei prøveordning der fylkeskommunen overtek ansvar for skulehelsetenesta i den vidaregåande skulen.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei stor utfordring for samfunnet. Allereie på ungdomsskulenivå kan effektive tiltak setjast i gong for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen. Samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane er naudsynt for å hindre fråfallet. Informasjonsutvekslinga må betrast samtidig som personvernet til elevane vert tatt vare på.

Venstre vil og tilby gratis leksehjelp/ekstraundervisning til dei som treng det.

Venstre vil setje strengare krav til rådgjevarane sin kompetanse ved at rådgjevarane skal ha ei heilskapleg forståing for samanhengen mellom elevane sine føresetnader, skulane sine tilbod og kva næringslivet treng.

## Yrkesfag

### Venstre vil:

- ✓ Styrke samarbeidet med det lokale næringslivet om arbeidstrening og elevverksemder
- ✓ Betre opplysning om alternative vegar til fagbrev
- ✓ Jobbe for at alle lærlingar får læreplass
- ✓ Ha oppfølging og god kontakt mellom skulen og lærlingane
- ✓ Auke satsinga på opplæringskontor
- ✓ Styrke og utvide ordninga med lærekandidatar
- ✓ Gjere det enklare å starte direkte i lære etter grunnskole, kombinert med faglig oppfølging (vekslingsmodellen)
- ✓ Ha auka satsing på marknadsføring av yrkesfaga
- ✓ Arbeide for å modernisere utstyret nytta i opplæringa på skulane

Dei yrkesfaglege studieretningane i den vidaregåande skulen er det viktigaste satsingsområdet for Venstre i denne perioden. Yrkesfag representerer ei av dei viktigaste kjeldene til næringsutvikling og nyskaping på Vestlandet, samtundes som utfordringar knytte til fråfall er størst i denne delen av opplæringa.

Venstre vil auke fokuset på arbeidstrening og nyetablering ved å styrke samarbeidet med det lokale næringslivet og satse vidare på elevverksemder og gründerkurs.

Elevlar på yrkesfag må få høve til ei meir fleksibel læretid, både med omsyn til korleis læretida vert lagt opp, og når det gjeld tidspunkt. Det må sikrast at alle elevlar får lærlingplass, og oppfølginga av den einsskilde lærling må bli betre.

## Studieførebuande opplæring

### Venstre vil:

- ✓ Styrke samarbeidet mellom skulane og dei høgare utdanningsinstitusjonane
- ✓ Auke fokuset på entreprenørskap og nyetablering i skulen
- ✓ Betre studierådgevinga

Den studieførebuande opplæringa i Hordaland kan styrkast gjennom betre samarbeid med dei høgare utdanningsinstitusjonane i fylket. Venstre vil gjere det enklare for skulane å gjere bruk av kompetanse frå universitetet og høgskular, til dømes gjennom å gje skuleelevar høve til å følgje undervisning på høgare nivå.

Studierådgevinga må bli betre, og ha meir kontakt med utdanningsinstitusjonane og næringslivet. I tillegg er det viktig med eit større fokus på entreprenørskap og nyetablering, og med det å sikre at elevane er medvitne om korleis dei skal omsetje kunnskap til praktisk nytte og eiga utvikling.

# Hordaland Venstres kandidatar til fylkestingsvalet



**1 Anne Beth Njærheim**  
*Bømlo*



**2 Geir Kjell Andersland**  
*Bergen*



**3 Geir Angeltveit**  
*Stord*



**4 Elizabeth Toft Erichsen**  
*Sund*



**5 Torstein Gunnarson**  
*Voss*

# Hordaland Venstres valliste til fylkestingsvalet

- 1 Anne Beth Njærheim**  
*Bømlo*
- 2 Geir Kjell Andersland**  
*Bergen*
- 3 Geir Angeltveit**  
*Stord*
- 4 Elizabeth Toft Erichsen**  
*Sund*
- 5 Torstein Gunnarson**  
*Voss*
- 6 Ingrid Handeland**  
*Kvinnherad*
- 7 Tove Kristin Sleire Tistel**  
*Masfjorden*
- 8 Bjørnar Hamre**  
*Bergen*
- 9 Marit Helen Leirheim**  
*Askøy*
- 10 Anne Marit Buer**  
*Odda*
- 11 Arild Heggland**  
*Fusa*
- 12 Trude Sletteland**  
*Bergen*
- 13 Kevin Johnsen**  
*Bergen*
- 14 Beate Seveline Eknes**  
*Meland*
- 15 Bjørn Magne Hufthammer**  
*Austevoll*
- 16 Ingebjørg Winjum**  
*Granvin*
- 17 Tore Turøy**  
*Fjell*
- 18 Olav Garvik**  
*Bergen*
- 19 Leif Arne Løvereide**  
*Etne*
- 20 Merethe Gauden**  
*Kvam*
- 21 Jon Sivert Sundøy Rykkel**  
*Os*
- 22 Grete Line Simonsen**  
*Bergen*
- 23 Petter Sexe Ulriksen**  
*Ullensvang*
- 24 Åsta Årøen**  
*Bergen*
- 25 Frode Hervik**  
*Radøy*
- 26 Liv Ulvøy**  
*Austrheim*
- 27 Torstein Hatlevik**  
*Tysnes*
- 28 Ingrid Sponheim**  
*Ulvik*
- 29 Per-Arne Larsen**  
*Bergen*
- 30 Maren Børslien**  
*Odda*
- 31 Jan Enerstvedt**  
*Sveio*
- 32 Kjersti Ingolvsdotter**  
**Vevatne**  
*Osterøy*
- 33 Arild Raftevoll**  
*Askøy*
- 34 Ellen Pedersen**  
*Sund*
- 35 Idun K. Bortne**  
*Bergen*
- 36 Anette Wangensten**  
*Kvinnherad*
- 37 Håkon Frode Særsten**  
*Stord*
- 38 Julie Andersland**  
*Bergen*
- 39 Agnar Høysæter**  
*Kvam*
- 40 Astrid Dale**  
*Os*
- 41 Kjell Alvheim**  
*Øygarden*
- 42 Synnøve Handeland**  
*Kvinnherad*
- 43 Erlend Andreas Horn**  
*Bergen*
- 44 Anne Jorunn Ryum Møen**  
*Voss*
- 45 Tallak Liavåg Rundholt**  
*Bergen*
- 46 Bjørg Taule Murberg**  
*Radøy*
- 47 Kent Are Kjørsvik Petterson**  
*Kvinnherad*
- 48 Øydis Lebiko**  
*Bergen*
- 49 Andreas Myrseth Kolstad**  
*Bergen*
- 50 Kari Bente Stein Helland**  
*Fusa*
- 51 Vidar Straumøy**  
*Meland*
- 52 Brith Ediasen**  
*Fjell*
- 53 Harald Queseth**  
*Bergen*
- 54 Birgitte Hjertaas**  
*Askøy*
- 55 Glenn Erik Haugland**  
*Os*
- 56 Ingrid Nergaard Fjeldstad**  
*Bergen*
- 57 Kjell Olav Kaland**  
*Etne*
- 58 Knut Olav Røssland Nestås**  
*Voss*
- 59 Aashild Halland**  
*Lindås*
- 60 Hans-Carl Tveit**  
*Bergen*
- 61 Agnes Hoshovde Bernes**  
*Radøy*
- 62 Alf Helge Greaker**  
*Bergen*
- 63 Mona Haugland Hellesnes**  
*Ulvik*

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

[www.venstre.no/hordaland](http://www.venstre.no/hordaland)



VENSTRE